



Foto: Torunn Styve.

*Den blomstertid nå kommer
med lyst og glede stor,
den kjære, lyse sommer
da gress og grøde gror.
Nå rører solens armer
ved alt som før var dødt,
de blide stråler varmer,
og alt på ny blir født.*

I dette nummeret kan du lese om:

- Kyrkje- og bedehus
- Konfirmant 2021
- Erfaren prest
- Flott 17. mai konsert i Bjordal
- Årsfest Lavik Sokneråd
- Nytt frå kyrkjeverja
- I glede og sorg

God sommer!

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Geir Sørebo og Toril Lange.
Layout: Katarina Vattekar og Toril Lange.

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 110089

Trykk/oppsett: Husabø Prenteverk

Ny organisering av kyrkja

Vi har fått oppleve ein god del nokså store forandringar i kyrkja vår dei seinare åra. I praksis er det ikkje så mykje vi merkar til det, kanskje.

I mai 2012 vart grunnlova endra, og Den norske kyrkja vart skild frå staten, statskyrkja vart avvikla.

Frå og med 2017 slutta biskopar, prostar og prestar å vere Statens tenestefolk, og Kyrkjerådet og Bispedømerådet er ikkje statlege forvaltningsorgan lenger.

I 2019 vart ei ny kyrkjeordning vedteken. I 2020 kom ei ny lov om livssynssamfunn som erstattar kyrkjelova.

No kjem det ei ny runde under tittelen «Ny organisering av kyrkja». Det gjeld å finne strukturar og organisasjonsformer som er best tenleg for kyrkja sitt oppdrag på alle nivå.

Men kva er det som fungerer best? Korleis skal denne strukturen bli? Eit par ting er allereie klare. Samarbeid mellom alle tilsette skal bli betre. Soknet si rolle blir styrka.

Detaljert informasjon om dette ligg på nettsida <https://kirken.no>
 Alle medlemmer i Den norske kyrkja skal gjennom soknemøter, og særleg sokneråda skal delta på høringsprosessen.

Andreas Ester

www.kyrkja/hovanger/
www.facebook.com/kyrkjaihovanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Dalevegen 4. Pb. 159
 6991 Høyanger
 Telefon: 57 71 41 00
post.hovanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
 Telefon: 57 71 41 00
post.hovanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Katarina Vattekar

Jobbmobil: 40 45 86 49
 E-post: KV333@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø
 Mobil: 91 71 32 75
 E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik
 Mobil: 45 22 17 37
 E-post: AE639@kyrkja.no

Vikarprest Lavik og Bjordal/Ortnevik

Karl Hjelmeland, Lavikdalsvegen 801,
 6947 Lavik, Mobil: 95 40 80 48
 E-post: khj@enivest.net

Kyrkjelydspedagog: Toril Lange,

6947 Lavik
 Mobil: 92 2409 66
 E-post: TL646@kyrkja.no

Kyrkjeverje: Bjørnar Otterstein

Kyrkjekontoret i Høyanger
 Telefon kontor: 57 71 41 00
 Mobil: 91 76 38 03
 E-post: BO446@kyrkja.no

Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger
 Mobil: 94 18 67 09
 E-post: GO985@kyrkja.no

Leiarar av sokneråda:

Høyanger: May-Wenche Fossmark 90 53 90 02
 Kyrkjebø: Sturla Bell Fossen 99 49 47 45
 Lavik: Toril Lange 92 24 09 66
 B og O: Sissel Sørebo 91 68 93 81

Leiar kyrkjeleg fellesråd:

May-Wenche Fossmark 90 53 90 02

Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97
 Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77
 Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77
 Lavik: Bjarne Hellebø tlf. 97 75 10 21
 Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12
 Audun Engedal tlf. 41 56 36 28
 Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 57 33
 Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

Der Herrens Ande er, der er fridom!



I løpet av året som gjekk måtte alle akseptere til dels store innskrenkingar i livet sitt, på grunn av smittevernstiltaka. Tap av fridom og kontakt, og i staden leve med pålagd avstand og isolasjon.

Kyrkja vår har endra seg nokså mykje i løpet av pandemiåret, saman med samfunnet ellers. Vi var nøydde til dette – slik som mange andre aktørar. Det var ikkje planlagt i starten, men det skjedde absolutt med hensikt. Vi ville være nær folket og deira opplevingar. Dele den gode budskapen. Og kanskje har vi forstått den på ein heilt ny måte sjølv også. Parallelt har prosessen om «ny organisering av kyrkja» føregått (sjå leiaren). Korleis kjem kyrkja til å sjå ut i framtida? Korleis kjem kyrkja si rolle til å bli?

Vi har nett feira pinse. Heilaganden kom, og den har ikkje reist etterpå, ikkje trekt seg tilbake med ein gong.

Han er hos oss, kan vi tru!

I Apostel-gjerningane kap. 2 les vi at det såg ut som flamar, «tunger liksom av eld» som sette seg på hovudet til læresveinane. Flamar er alltid i rørslе, uhemma og fritt, heile tida. Dei er jo brennande luft, gass. Heilaganden er fri som vinden (jf. Joh 3), ein storm som bles gjennom lokalet. Og læresveinane, dei var i stor rørslе, begeistra, frigjorde, dei også. Som flammene. Som Anden.

Kyrkja skal vere ein plass for fridom. Ein fristad. «Herren, det er Anden, og der Herrens Ande er, der er fridom» (2 Kor 3, 17).

Høyrest ikkje dette fantastisk flott ut? Anden set oss fri, gir oss ny livspust og set oss i gang. Han skaper det uføresette, utenkjelege. Eg er viss på at kyrkja kjem til å forandre seg. Men eg er slett ikkje redd forandring med dette mottoet i mente.

Håpar på ein riktig god sommar til alle!

Andreas Ester, prest


Kyrkje og bedehus i Høyanger

Intervju med Jørg Kvam

Med oppvekst i Høyanger og ein samfunnsvitskapeleg karriere ved Universitetet i Oslo bak seg, blei lokalhistorie eit naturleg tema å fordjupe seg i for Jørg Kvam som pensjonist. Det har resultert i ei rad artiklar, og i jubileumsåret 2015 kom boka "Høyanger – makter og menneske". Det første og største kapitlet i boka er "Den lange vegen til kyrkje" – ein grundig gjennomgang av den kroglete prosessen fram til eiga kyrkje i Høyanger. «Alt i 1917 vart kyrkje og kyrkjegard teikna inn i den nye reguleringsplanen for Høyanger, men det skulle ta meir enn 40 år før kyrkja var ein realitet», seier Jørg Kvam. Den striden som var knytt til kyrkjebygginga, er eit slags prisme som gjev som kastar lys over Høyanger-kulturen og utviklinga i heile Høyanger-samfunnet. Dei lokale hendingane ein vil forstå, må også sjåast i ei vidare historisk ramme, nasjonalt så vel som internasjonalt.

- **Ja, kva var eigentleg grunnen til at t.d. Samvirkelaget, skulen, sjukehuset og Valhall vart bygde på rekordfart, medan det skulle gå ein mannsalder før kyrkja vart bygd?**

Jørg blar i den nesten 400 sider tjukke boka, og repeterer sin eigen dokumentasjon. Dette har han studert grundig. Dessutan vaks han opp i Høyanger i den aktuelle tida.



Ideologisk kamp

«Vi må forstå at i dei første 10-åra av Høyanger si historie, gjekk det føre seg ein beinhard ideologisk kamp. Den kommunistiske tankegang hadde djupt rotfeste i bygda. Det norske arbeidarpartiet hadde i 1919 meldt seg inn i Den kommunistiske Internasjonale der kampen for ateisme var ei av dei gjeldande tesene. Radikaliseringa av partiet sentralt, hadde også innverknad på lokallaga». Jørg viser fram eit bilete av ei fane frå ein arbeidarforening ein annan stad i landet, som har denne parolen: «Ned med tronen, alteret, pengevældet». På eit folkemøte på Folkets Hus 16. september 1930 uttalte Halvdan Moe på kommunistpartiets vegne at

"han fant hele religionsdyrkelsen i dens nuværende form som et ledd i bestrebelsene på å undertrykke arbeiderne." «I den politiske debatten i kommunestyret var det mange argument mot å prioritere kyrkjebygging. Det var sjølv sagt økonomiske hindringar. Det var tomte-spørsmålet. Mange ville prioritere å nytte arealet til bustadtomter i staden for kyrkje og kyrkjegard. Veg-utløyising til Kyrkjebø førte til at mange meinte det kunne greie seg med ei kyrkje 10 km unna.

Men», seier Jørg, «det er jo i ettertid ikkje vanskeleg å sjå at mykje av dette var vikarierende argument. Det var av ideologiske grunnar rett og slett ikkje vilje til å ha ei kyrkje ståande midt i bygda.»

- **Men fanst då ikkje kristentru i dette nye bygdesamfunnet?**

«Jauvisst. Frå gamalt av var det sterke kristne tradisjonar knytt til gardane i Høyanger, og mange som flytta hit frå bygdene ikring bar med seg ei kristentru. Men dei vart på ein måte oppslukte av den radikale smeltedigelen. No kan det vere at dominerande politikarar ikkje var så skeptiske til at den einskilde hadde si private tru. Det ein første og fremst kjempa mot, var kyrkja som institusjon og presteskapet som ein meinte stod på borgarskapet og kapitalen si side. Slik som det stod i ei sosial demokratisk brosjyre: Prestane talte for dei fattige, og åt med dei rike».

Naco var drivkrafta

I boka si viser Jørg at det til sist var NACO med direktør Gudmund Heggstad som vart den avgjerande drivkrafta i kyrkjebygginga, Det var først i 1958 kommunestyret gjorde eit vedtak som innebar medansvar for bygging av kyrkje i Høyanger.

Av sluttrekninga på 1,3 millionar betalte NACO 961 000. Resten vart dekkja av Høyanger kommune og private bidrag. NACO stilte visse vilkår til kommunen for denne ytinga. Mellom anna det at kommunen skulle fråskrive seg retten til å reise ansvarskrav mot NACO for alle ulemper frå støv, røyk, stank etc. som måtte kome i all framtid.

-Men vart ikkje dette nettopp ei stadfesting av den påståtte alliansen mellom kyrkja og kapitalkreftene?
«Det kan ein seie. Men kva var alternativet? Utan NACO sitt sterke bidrag og styring med prosessen hadde det aldri vorte bygd noko kyrkje i Høyanger. Og så hadde ein jo på den tida ein prest i Høyanger som stod i kontrast til den besteborgarlege kyrkja. Res.kap. Monrad Taule var ein som tala arbeidarane sitt språk. Han var opphavleg typograf og representerte alltid arbeidar-kulturen på sett og vis. Han fekk nok ein respons i Høyanger-miljøet som få andre prestar har hatt».

Bedehuset

-Kva med bedehuset? Vi hadde trass alt eit gudshus i Høyanger sidan slutten av 1920-talet. Då vart bedehuset bygd på forholdsvis kort tid. Korleis kan dette henge saman?

«Her må vi hugse på at lekmanuskristendommen som stod bak bedehuset, var ei grasrottrørsle. Det var noko som kom nedanfrå. Noko som sprang ut av eit folkeleg engasjement. Og dei som var involverte i drifta, var oftast vanlege arbeidsfolk. Den offisielle kyrkja opplevde ein som udemokratisk og styrt ovanfrå og ned.

Bedehuset vart styrt nedanfrå, og det gav eit anna engasjement og større velvilje. Ei anna side er at dei aktive på bedehuset stort sett var svært konservative i moralske og religiøse spørsmål. Det gav nok opphav til mange diskusjonar, men eg opplevde at desse folka var djupt respekterte på arbeidsplassen og i lokalsamfunnet.»

Jørg seier at han har notert seg den debatten som i dag går rundt bevaring av bedehuset. Han forstår at dette fort vert ein diskusjon om økonomi, men synest det er trist dersom ein ikkje ser at bedehuset er ein viktig kulturbærer i Høyangersamfunnet. Her var det møte og samtalar, born vart døypte der, unge vart konfirmerte, det var brudevigsle og gravferd. Det var ungdomsklubb og barnehage. Det var knapt eit menneske som vaks opp i Høyanger i mellomkrigstida som ikkje hadde eit forhold til bedehuset og som hadde vore der under viktige merkedagar i livet. «Eg har tru på at det går an å få til friviljuge prosjekt knytt til bevaring av bedehuset.

Det er lettare å engasjere folk i kortvarige prosjekt som snikring og måling, enn til langvarig ansvarsdeltaking.

Frå kommunen si side må ein heller ikkje definere kulturbegrepet så snevert at alle desse offentlege aktivitetane som har vore med og forma Høyanger-miljøet ikkje lenger vert rekna med. Det må vere sjølvstøtt at ein har eit historisk medvit som gjer at ein ønskjer å bidra til å ta vare på denne kulturskatten». Ja, vi hugsar jo at til og med Einar Førde uttala at det var i bedehuset han lærte seg talekunst.

Kyrkja i dag

-Korleis opplever du kyrkja sin posisjon i Høyanger i dag?

«I dag er nok dei ideologiske brytningane borte. I staden for at nokre er sterkt mot og nokre sterkt for kyrkja, så er dei fleste i dag likegyldige. I det daglege betyr kyrkja lite, men i visse situasjonar kan ho vere god å ha. Mange menneske har nok ei gudstru, men i Høyangersamfunnet har det aldri vore lett å vise gudstrua si fram. Her dreg vi nok med oss ein arv frå fortida. Jantelova er stadig gyldig i bygda. Du må ikkje tru at du er betre enn oss andre. Å gå i kyrkja vart gjerne assosiert med å ville vise seg fram. Arbeidarklassen høyrde ikkje heime der. Utfordringa til kyrkja i lokalsamfunnet kan knytast til to ord: Toleranse og relevans.

Kyrkja må finne den rette balansen mellom på den eine sida å vere open og inkluderande for alle, og på hi sida stå for kristne grunnverdiar som kyrkja og samfunnet aldri kan oppgje. Multikulturalismen har skapt rom for haldningar som bryt med grunnleggande verdiar i vårt land. Filosofen Karl Poppe åttvare i verket “Det åpne samfunn og dets fiender” mot å gi intoleransen fritt spelerom. Kyrkja sin stillteiande aksept av dei intolerante subkulturar som har fått innpass, har vore med og gjort kyrkja til den tapande part. Vegen ut av denne sjølvpålagde avmaktssituasjonen er etter mitt syn å hente fram kyrkjefader Augustins grunnfilosofi: “Fastheit i det sentrale, mildheit i det perifere, og kjærleik i alt.”

Så blir spørsmålet: Kva er kjerneverdiene kyrkja er innstilt på å kjempe for? Eg er i tvil om svaret.» Så må folk få oppleve at det som skjer i kyrkjelyden er relevant for meg. Det er noko som gjeld livet mitt og som eg får utbyte av. Kanskje er det for mykje monolog i kyrkja. Alminnelege folk sine spørsmål burde kome meir fram, og ein burde få meir inspirasjon til å leve det gode livet.» Og til alle som enno ikkje har lese boka: «Høyanger. Makter og menneske. Ei tidsreise gjennom eit hundreår», (utgjeven i 2015) vil vi sende oppfordringa: Gå og les!

Geir Sørebø

KONFIRMAN* – eit annleis konfirmantår 2021

Då konfirmantåret 2020/2021 starta opp i august/september, håpte vi at det skulle bli eit ganske normalt konfirmantår. Men slik vart det ikkje. Lavik-konfirmantane som i mange år hadde hatt felles konfirmantsamlingar med Hyllestad, måtte stort sett ha eigne samlingar då vi ikkje kunne samlast på tvers av kommunegrensene. Nattcupen vart først utsett til januar og deretter avlyst. Konfirmant-weekenden for Høyanger, Kyrkjebø, Vadheim, Bjordal og Ortnevik, vart avvikla i oktober – like før ny nedstenging. Lavik – konfirmantane sin weekend i byrjinga av januar, var avlyst.

Fasteaksjonen – Forandre – For Andre – den årlege innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp siste veke før påske, vart også annleis. Det vart ingen dør til dør aksjon. I dei fleste bygdene stod konfirmantar med bøsser ved butikkane. Alle sokn oppretta digitale innsamlingsbøsser, og konfirmantane i Lavik laga informasjonskriv som dei la postkasser og med oppmoding om å støtte aksjonen. Til saman kom det inn 30 223 kr til Forandre – For Andre. Det var nesten 10 000 kr. meir enn i fjor – då det kun var digital innsamling. Takk til alle som var med å støtte Fasteaksjonen.

Trass i eit annleis konfirmantår, har det vore konfirmantsamlingar både i Ortnevik/Bjordal, Lavik og Høyanger. I tillegg har konfirmantane delteke på gudstenester, lysmesser og samtalegudstenester.

Bjordal og Ortnevik

I Bjordal og Ortnevik har det vore 4 konfirmantar dette året. Dei fleste samlingane har vore i Ortnevik kyrkje, men dei har også besøkt Bønens hus og Sørebo. Ansvarleg for samlingane har vore Ole Merkesvik Ådland og Toril Lange.

Konfirmantane har vore aktive og villige til å dele tankar. Dei har også fått ein del utfordringar – spesielt i samband med samtalegudstena med tema: Ord skapar. Der måtte dei dele bibelord og ei historie frå kvardagen som syner at Ord skapar.

Konfirmantleiren saman med Høyanger var ei kjekk oppleving. Likeins sette dei stor pris på grilling. På spørsmålet om tanken din om Gud har forandra seg i løpet av konfirmanttida, svarte dei:

- Ja, før såg eg for meg Gud som ein mann med skjegg som stod på ei kvit sky, men no er Gud blitt for meg eit vesen som er der for å beskytte og for å få oss til å føle oss trygge.
- Eg tenker meir på om ting er tilfeldig og om det er nokon som styrer alle tinga som skjer.
- Eg har lært meir om Gud, bibelen og kva Jesus gjorde.

Konfirmantane på Sørsida er blitt utfordra til å svare på 5 kjappe spørsmål:

1. Anbefaler du andre å bli konfirmant i kyrkja? Kvifor?
2. Kva vil du hugse av konfirmanttida om 5 år?
3. Kva har overraska deg med konfirmanttida?
4. Kva sang/kva bibelord sit du att med etter dette året?
5. Kva ser du fram til med sjølve konfirmasjonsdagen?



Solveig Østerbø

1. Ja, fordi ein blir ein del av eit samlingspunkt av ulike menneske og får snakke og diskutere dei store spørsmåla innan kristendommen. Det er ikkje sånn at ein er nøydd til

å tru før ein er blitt konfirmant, for konfirmanttida er nemleg til for å finne ut av kven du er og kva tru du vil ha.

2. Dei mange estiske og retoriske spørsmåla, konfirmantleiren, bussturen til kyrkja i Ortnevik etter skulen og då vi grilla/svei marshmallow.

3. At vi ikkje berre sit og les i Bibelen, men har aktivitetar og snakkar om våre syn og meiningar om kristendommen.

4. Songen «Som barn i ditt hus», for denne har vi sunge på nesten alle samlingane. Den er blitt eit fint minne om ei kjekk konfirmasjonstid.
5. Gudstenesta i kyrkja, det å samle familie og vener og så takke for ein god start på vegen ut i vaksenlivet.



Leo Brekke

1. Eg vil anbefale å bli konfirmant i kyrkja fordi då har ein ein enkel og fin samlingsplass. Også er det enkelt og greitt.
2. Eg vil nok ikkje hugse alt, men når tida kjem i september blir nok

- sjølve konfirmasjonen den tingen eg hugsar mest. Eg kjem også til å hugse kjekke ting med vener.
3. Kor enkelt det er å bli konfirmant i kyrkja.
 4. Songen «Kum ba yah, my Lord». Eg trur det er fordi den er enkel å hugse.
 5. Eg ser fram til å feire mykje, ta bilete med vener og få litt økonomisk støtte (pengar).



Veslemøy Østerbø

1. Ja, fordi for meg har det vore ei positiv oppleving.
2. Om 5 år vil eg hugse konfirmantleiren på Alværa, det å møte dei frå Høyanger

igjen var kjekt.

3. Det som overraska meg mest er at vi har hatt det veldig kjekt på kvar samlig.
4. Eg song eg kjem til å sitte igjen med er «Jesus is beautiful».
5. Det eg ser fram til med konfirmasjonen er å få møte familie og vener vi ikkje har sett på lenge på grunn av korona.



Anders Madsen

1. Ja, sjølv om ein kanskje ikkje trur er det interessant å lære om kristendomen. Samtidig får ein møte vener oftare enn viss ein hadde konfirmert seg

borgarleg.

2. Eg vil hugse dei gode minna med vener og den litt skumle samtalegudstenesta. Men aller mest kjem eg nok til å hugse sjølve konfirmantdagen.
3. Det var ikkje så mykje som overraske meg, men det var kjekkare enn eg hadde trudd.
4. Bibelverset «Eg er lyset i verda» i Joh 8,12., fordi det er ein fin måte å sei at Gud alltid er med deg og at han lyser opp vegen for oss.
5. Eg ser fram til å møte slekt, og rett og slett berre kose meg.

Tekst: Toril Lange og Foto: Ole Merkesvik Ådland

Konfirmasjon hausten 2021

Namn på konfirmantar, vil bli lagt ut på heimesida i august.

OPA KYRKJE PÅ KYRKJEBØ

Har du vore i kyrkja og tenkt at det kunne vore kjekt å få gå litt rundt for å sjå nærare på detaljar i kunsten og bileta som heng der, eller gjerne få vite litt om historia til kyrkja ?

Kanskje vil du heller gå inn, sitje i stilla eller kunne lytte til orgeltonar eller annan musikk ?

Du får gjerne langvegsfarande gjester, som du vil vise kyrkja og kyrkjegarden ?

I sommar kan du få høve til dette, idet soknerådet vil ha opa kyrkje nokre ettermiddagar **fire onsdagar** i sommar: **30.06., 14.07., 11.08. og 25.08.** i tidsrommet **kl 18.00 – 20.00.**

Kva du kan- eller vil få oppleve der vil kunne variere frå gong til gong, alt etter kven som er kyrkjevertskap den aktuelle dagen. Du er kanskje sjølve ein som vil kunne bidra med noko andre ville like å vite om kyrkjesoga i bygda vår ? I so fall er du også hjarteleg velkomen !

Velkomen til opa kyrkje !

Kyrkjebø Sokneråd

Erfaren prest i nytt vikariat

For meg må ei god gudsteneste kome nær menneske som lever her og no, det må vere ein link til Himmelen. Og bibelteksten må gjerast relevant for mitt liv. Det er Karl Hjelmeland som seier dette. Frå 1. august skal han starte i eit eitt årsvikariat som fungerande sokneprest for sokna Hyllestad, Lavik og Bjordal & Ortnevik. Eigentleg hadde han planlagt å verte pensjonist, men prosten utfordra han til å gjere eit års teneste i sitt gamle heimedistrikt.



Mangfaldig presteteneste

Karl Hjelmeland tok til som skuleungdomsprest i 1987, og budde då i Haugesund i 6 år, før han i 1993 byrja som skuleungdomsprest i Sogn og Fjordane. Etter 3 år starta han som vikar, etter kvart sokneprest i Hyllestad. Så vart det teneste i Sjømannskyrkja, 3 år på Lanzarote og 3 år på Grand Canari. I 2014 vart det skifte til eit heilt anna felt då han tok til som sjukehusprest på Haraldsplass i Bergen.

-Kvar opplevde du var din «rette» plass som prest?

«Den rette plassen for meg var ikkje ein geografisk plass, men det var der eg kom nær det einskilde menneske og opplevde det gode møtet. Og det kunne hende i alle dei stillingane eg har hatt. Men eg må jo innrømme at det var festlege gudstenester på Grand Canari med 400 menneske samla om søndagane!

-Kva er så gjevande med å møte einskildmenneske?

Eg har alltid vore fascinert av det levde livet og av å lytte til menneske sine erfaringar og tankar. Og så vonar eg at eg kan bidra med å formidle det gode, og teikne ein himmel over livet. Eg vonar at mitt nærvær har betydd noko, og at eg har vore i stand til å formidle tru og håp.

-Som sjukehusprest og ikkje minst gjennom tenesta på Sunnivaklinikken har du hatt mykje kontakt med menneske i den siste fasen av livet. Er ikkje det slitsamt og nedstemmande?

Når det kjem til stykket så dreiar samtalan seg her ikkje berre om død. Det er heller livet som står i fokus. Når alle veit at det går mot slutten, så vert ofte livet meir intenst, og ein opplever at det er viktige ting som står igjen. Det dreiar seg om å fornye relasjonar til andre menneske. Ein vil ordne livet, og ta farvel med slekt og vener. Og det er viktig at det gode håpet vert halde levande.

-Visjon for vikariatet?

Med denne rike erfaringa frå mange slags presteteneste, så lurar vi på kva slags program han har for den tenesta han no går inn i heimbygda.

«No må vi halde fast på at dette berre er eit årsvikariat. Då er det ikkje på sin plass med store vyer og flotte programærklæringar. Eg vil lytte til kyrkjelydane og einskildmenneske sine ønskje og behov, og så gjere det arbeidet eg vert sett til, med glede. Eg skal bidra med mi arbeidskraft så langt det rekk.

-Det er jo ei utfordring å samle mange menneske til gudstenester. Du kan vel i alle høve ikkje rekne med like mange som på Grand Canari. Kva er di oppskrift?

«Gudstenesta må vere nær og relevant for folk. Og når ein kjem til kyrkja, så må ein få noko som manglar alle andre stader i samfunnet. Ein må oppleve at sinn og sjel blir stemt mot Gud. Ein må kjenne at det er noko som berører ein. Preike, dåp, nattverd, bønner, ja, alt må ha eit preg av himmel. Det er ikkje nødvendig med dei sterke uttrykksformene. Når eg går til kyrkje sjølv som ein vanleg kyrkjegjengar, så seier eg til meg sjølv: Får eg i dag ein ting som styrkjer livet mitt, så er eg fornøyd.»

Geir Sørebo

Flott 17. mai-konsert i Bjordal

Pianist Rune Alver spelte norsk nasjonalmusikk av Edvard Grieg, Ole Bull og andre. Han fortalde også om bakgrunnen for musikkstykkene. Vi er svært takksame for at ein slik kapasitet innan musikkverda ville prioritere å komme til Bjordal kyrkje på ein 17. mai. Vikarprest Geir Sørebo heldt festtale knytt til musikken og det norske flagget som har 200-årsjubileum i år. Kl. 12.00 var også fleire komne til på kyrkjebakken, og vi kunne alle stemme i «Ja, vi elsker dette landet» i det nydelege vårveret.

Bjordal & Ortnevik sokneråd



Foto frå venstre: Rune Alver, Geir Sørebo og Norvald Bjordal

Bjordal Misjonslag 150 år

Etter at den første misjonsforeininga vart stifta av Gustava Kielland i Lyngdal i 1844, vaks det fram kvinneforeiningar rundt om i heile landet. I ei tid då ein sjeldan reiste utafør bygda, fekk ein informasjon om framande kulturar, og ein hadde omsorg og vilje til å dele. Foreiningane hadde også ein sosial funksjon, då kvinnene kom saman og kunne få prate med kvarandre. På møta var det arbeid med det ein skulle lage for å selje på basarane. Barn som ikkje hadde byrja i skulen var nok med på møta. Det var sikkert slitsamt, men ei avveksling i det daglege strevet på garden.

150 år med misjonslag

Den første misjonsforeininga i Fuglsetfjorden vart stifta i 1871. Denne foreininga var felles for Bjordal og Søreide og arbeidde for Det Norske Misjonsselskap. Etter nokre år tok lærar Fitje initiativet til eiga foreining på Søreide. Etter 2. verdskrigen arbeidde foreininga både for NMS og Santalmisjonen. I jubileumsskriftet til 100-årsjubileet for Bjordal kyrkje kan vi lese at det frå først av var lærarane som var formenn: Gullak H. Søreide, Olai Kjønås og frå 1930 Gullak Aarnes. Formennene styrte med økonomien. Men det var dei kvinnelege leiarane som organiserte det praktiske arbeidet og opplegget på samlingane. Dei første leiarane var Anne Søreide og Anna Bjordal, deretter Magnhild Bjordal, Inger Kjønås, Kari og Nilsine Bjordal, Ragnhild Førde, Trine Osland, Ingeborg Osland og Sunniva Oppedal. Før 1930-åra spann dei ulla på foreiningsmøta. Då byrja dei å sende ulla til fabrikk og fekk ferdig tråd attende. Ein innskrivar (Aa) til Helgestunder i 1945 oppsummerer misjonsarbeidet i bygda slik: «Det er haust, og konene kjem saman til misjonsmøter. Dei spinn, spøtar og lagar gode, varme ting til frosne kroppar. Misjonsarbeidet står høgt her i bygda.» «Siste året kom det inn 1100 berre på ein basar. Eit godt resultat og god løn for strevet. Dette gjev kveik til å halda fram med arbeidet. Dette arbeidet er som ljøs i

ei mørk tid. Noko som held ein oppe og gjev styrke. Gud er attåt med si signing.» Etter krigen vart Olga Førde leiar og etter henne Hilda Bjordal. Frå 1972 leia Helga Osland og deretter Johanna Brekke frå 1978.

Ingjerd Bjordal skriv om basarane at det ikkje berre var kvinnearbeid som kom inn. Karane laga også sitt. Dei som kunne lagge, kom med trebøtter, kalveaskar, sørpespann og liknande. Elles var det økseskaft, rivehovud, sleiver, ausekjer, ja, alle slag nyttige ting av tre. Ingjerd Bjordal vart leiar i 1982, men seinare dette året tok Ingrid Bjordal over, medan Ingjerd vart kontaktperson for Santalmisjonen. I 1994 fekk Else Førde denne rolla, medan Elsa Skrede Brekke vart leiar for NMS. Foreininga hadde årlege basarar fram til 2005. I 2007 tok Ann Iren Østerbø over leiaransvaret. Dei siste åra har det ved sida av nokre samlingar i foreininga, vore arrangert adventsamling med utlodning på Sørsida Bygdetun kvart år. I fjor vart det ikkje mogeleg på grunn av koronasmitten.

Elsa Skrede Brekke fortel



Elsa Skrede Brekke, foto Sissel Sørebo

Eg tek meg ein tur til Sørsida Bygdetun for å høyre litt om kva minne Elsa har frå arbeidet. Ho kom til Bjordal på slutten av 60-talet og fortel at ho hadde vore med i misjonsforeining i Nordfjord i fleire år før det.

- I Bjordal hadde vi basar kvar haust. Mange møtte opp, og vi hadde fine gevinstar. – Eg saknar basarane. Det var kjekt og sosialt. Andaktshaldar kom frå ein av organisasjonane. Eg minnest ein som hadde med seg ein stor globus. Mange ville nok gjerne vinne den, og Ottar Holen vart den heldige! Foreiningsmøta hadde vi om ettermiddagen, og vi var hjå kvarandre. Eg hugsar at Anna Brekke fortalde at dei tidlegare hadde med rokk på møta. Vi arbeidde med ulike slag handarbeid, song og las og snakka om og planla arbeidet.

Misjonsavtale med NMS

Bjordal Misjonslag støttar opp om misjonsavtalen som soknet har med NMS. Toril Lange som var misjonær i Mali, har i mange år vore med på samlingar og gjeve glimt frå arbeidet.

I løpet av året vil vi finne eitt eller fleire høve til å markere jubileet.

Sissel Sørebø



Bjordal Misjonslag 100 år i 1971. f.f.v. Nilsine Årdal, Maria Hest, Hansina Osland, Synnøve Oppedal, Maria Førde. Bak: Kjellaug Osland, Inga Nilsen, Borghild Jenssen, Helga Osland, Hildur Aarnes, Gunvor Leirnes, Olga Førde, Borghild Førde, Hilda Bjordal, Gina Førde, Johanna Brekke, Ingjerd Bjordal

NMS ynskjer til lukke med 150-årsjubileet. Ei varm takk både på vegner av NMS og på vegner av menneska som har fått nytt liv og nye moglegheiter som fylgje av innsatsen gjennom 150 år.

Helsing områdeutvalet i Ytre Sogn

TAKK FOR GÅVA !

Den 2. mai 2021 var det gudsteneste på Kyrkjebø med soknemøte/årsmøte rett etter preika. Dei frammøtte vart då vitne til ei overraskande, sjeldan og gledeleg hending; kyrkja fekk nemleg ei heilt uventa gåve den dagen: ein bibel, ei salmebok og eit nytestamente.

Ein Høyangermann, som sjølv var til stades i kyrkja, skreiv m. a. slik i gåvebrevet:

”Sjølv om det kom interimskyrkje, og seinare kyrkje i Høyanger, tenkte mor og far at Kyrkjebø kyrkje var ”deira kyrkje”. Far fortalde at når dei kom til det han kalla ”Hålandsleite” og såg kyrkja, stogga dei opp og helste kyrkja. Karane letta på hovudplagget og damene bøygde hovudet”.

Foreldra til gjevaren var både døypte, konfirmerte og vigde i Kyrkjebø kyrkje.

Bibelen er i gotisk skrift, gamal og i god stand. Landstad si salmebok frå 1871 er i dårlegare forfatning, medan Det nye testamentet er av nyare dato og har ei eiga historie. Folk som vitjar kyrkja vil etterkvart kunne sjå både desse bøkene og andre klenodier der.

Verdien av bøkene er ei sak. **Tanken din** om å gje dette til kyrkja er likevel det store i dette ! Det fortel i seg sjølv ei historie om kyrkja her, og det fortel om folket sin tilknytnad til kyrkja.

Minnegåva etter Gjertrud (fødd Øren) og Andreas Hjetland skal verta vel ivareteken. Hjarteleg takk for gåva Oddvar Hjetland ! (Bilete på baksida av Helgestunder)


Kyrkjebø sokneråd

Alværa i koronatid

Det er spennande, ja litt for spennande, å drive leirstad medan pandemien herjar. Det eine arrangementet etter det andre er blitt avlyst. Seks konfirmantleirar var planlagt, berre ein vart gjennomført. Andre helgearrangement vart det heller ingenting av. Heldigvis har det vore litt romutleige. Matsalen er eit godt møterom der det lett å halde avstand og med god høgde under taket. Lavik sokneråd har brukt og brukar Alværa til soknerådsmøter, trusopplæring og konfirmantsamlingar.

Leirdagar

Siste helga i april skulle det vore «vinterleir» på Alværa – dvs vinterleiren frå februar var utsett til den helga. Heller ikkje denne gongen kunne ein samle born/unge frå ulike kommunar til overnatting. Difor inviterte kyrkjelydspedagogen og NMSU (som skulle hatt leir) v/ Elisabeth Sowerby Dale frå til leirdagar.



Måla av Vilje Amanda Holst

Laurdagen var det dei 8 minikonfirmantane frå Hyllestad som inntok Alværa. Det vart ein minileir med tema påske – og påskevandring og påskemåling. Som det alltid er på leir, var det eit misjonstivoli der ein samlar inn pengar til eit misjonsprosjekt. Denne gongen gjekk det til Misjon i Mali.

Søndag var det born frå Lavik som kunne vere på Alværa. Også denne dagen var tema påske der ein såg «Jesusfilmen for born» Det vart

også tid til leik, både ute og inne, misjonstivoli og øving til gudsteneste. Torunn var kjøkkenansvarleg og laga pizza. Leirdagen vart avslutta med friluftsgudsteneste og kyrkjekaffi på plenen framfor Alværa. Der var foreldre og bygdefolk inviterte.



Frå utegudstenesta på Alværa 25. april.

Foto: Karl Hjelmeland

Ledige helger og dagar

Alværa har mange ledige helger i sommar og i september. Ta kontakt viss de lurer på om Alværa kan vere staden for dykk. Det er også hytteutleige.

Alværa - øvingslokale.

Når gymsalen på skulen har vore oppteken, har Fjordbrass og Lavik skulemusikk brukt matsalen på Alværa til øvingslokale. Tilbakemeldingane frå musikantane er gode.



Matsalen er eit godt rom å spele i. Øving for Fjordbrass hausten 2020. Foto: Gunnbjørg R Friis

Dugnad

Alværa har stort sett vore drive på dugnad dei to siste åra. Det merkast at Misjonssenteret snart er 40 år. Det er også to hytter og styrar-bustad som må takast vare på. I tillegg er det eit stort uteområde som ein må ta hand om. Vår/sommar er det fleire prosjekt i gang – mose skal fjernast frå taket, plattingen mellom hyttene og framfor styrarbustad skal skiftast, og plenane skal jamnast ut. Har du lyst og ledig kapasitet, så ta gjerne kontakt med Olav Hellebø.



Foto: Karl Hjelmeland

Friluftsgudsteneste

Friluftsgudsteneste på kaiområdet i Måren 2. pinsedag, har vore ein tradisjon i mange år. Der har det vore både barnedåp og konfirmasjon.

2. pinsedag er ein avreisedag for dei fleste hyttefolka, så frammøtet varierer frå år til år. I år var det lite «innfødde», men Kyrkjebøfolket er flinke til å ta turen innover. Måren høyrer til Kyrkjebø kyrkjesokn, og det er soknerådet på Kyrkjebø som står for arrangementet.

På tross av koronaavstand, men med eit nydeleg ver og himmelen som tak, vart dette ei fin og intim gudsteneste. I desse koronatider har vi lært at det treng ikkje vere den store folkemengda - det kan vere vel så kjekt med små samkomer.

Tema for gudstenesta var «Nyskap-Ande». Andreas Ester heldt ei fin preike, der ved

enkle metaforar teikna eit bilete av det vanskelege begrepet: Den Heilage Ande.

Etter gudstenesta baud soknerådet på kyrkjekaffi. År etter år gler dei oss med nydelege bakverk, der er det ikkje spart på noko!

Tusen takk for eit fint arrangement! På vegne av oss måringane, Mary-Ann og Berit



Foto: Irene Aase Aarseth



Legg laurdagsturen til Ytre Sogn
og bli med på



Alværastemnet

laurdag 21. august

Program:

11.00: Gudsteneste
12.30: Middag

Vi satsar på fint ver slik at vi kan vere ute etter middagen. Då kan vi prate, rusle omkring, teste temperaturen i sjøen eller vere med på aktivitetar som t.d. kubbespel, volleyball og tautrekking.

15.00: Ettermiddagskaffi med årsmøte for Alværa med informasjon om Alværa og vegen vidare, årsal og fellessong. Vi håper at smittesituasjonen er slik i august at vi kan samlast på ein trygg måte.

Pris for middag og kaffi:
Vaksne: kr 250,- Born: 5 - 14 år kr 100,-
Påmelding innan tysdag 17. august.

Ring eller send sms til Alværa 48990661 eller Toril Lange 916 89 459




Årsfest i Lavik Sokneråd

Torsdag 29. april inviterte Lavik Sokneråd til Årsfest med årsmøte, der årsmelding og rekneskap vart gjennomgått.

Spesielt innbedne var Anette og Andreas Ester, der vi fekk takka dei begge for den fine innsatsen dei har gjort for soknet vårt. Anette har gjort ein nydelig jobb i desse åra med å pynte kyrkja med blomar til gudstenestene. Andreas har tenestegjort som sokneprest i Lavik, Ortnevik og Bjordal frå 2007 og fram til 2020. Det vart spesielt trekt fram dei mange gode teologiske samtalanene, og hans evne til å møte andre med respekt og høflegheit.

Vi i Lavik sokn er svært takknemlige for den fine innsatsen han har gjort for oss alle! Andreas har no byrja som sokneprest i Høyanger og Kyrkjebø, men vi får heldigvis behalde både Anette og Andreas som gode sambygdingar, då dei fortsett vert buande i Lavik.



Andreas seier sjølv om tida hans i Lavik: ”Eg er veldig takknemlig for dei felles åra vi hadde her i Lavik. Det har vore mange flotte gudstenester og andre arrangement. Fine møter og mykje bra innsats frå veldig mange. Ikkje store sensasjonar, eigentleg, men veldig verdifullt.

Jesus fortalde gjerne om bitte små ting for å forklare noko stort om livet og om Gud. Han brukte sennepsfrø og surdeig som eksempel. Du ser nesten ingenting i starten, men så blir det eit overraskande resultat til slutt. Eg har tru på at det blir mykje bra her i Lavik vidare framover også!”

Koronasituasjonen gjorde at ein ikkje kunne ha allsong på Årsmøtet. Kantor Gerda Otterstein og WeM hadde i staden ulike musikkinnslag.



Foto: Bjørnar Otterstein

Geir Sørebo har vore tilsett som vikarprest etter at Andreas slutta, og soknerådet i Lavik utfordra han til å ta utgangspunkt i ei av årsmøtesakene for å innleie til samtale. Han valde seg ut temaet ”Kyrkja i ei ny tid.” *Korleis skal ein arbeide i kyrkjelyden når Den norske kyrkja og samfunnet endrar seg?*

Geir hadde først nokre refleksjonar rundt det at tilhøve mellom kyrkja og samfunnet har endra seg gjennom dei siste 50 åra, blant anna ved at kyrkja vart skilt frå staten ved endringar av to paragrafar i grunnlova og at det medfører mindre offentlege budsjett. Korleis kristentrua vert sett mindre på den offentlege dagsorden og til dømes har fått ein anna plass i skulen. Har kristentrua fått ein mindre plass i folk sitt daglegliv? Prioriterer vi søndagane og høgtidene annleis no enn vi gjorde tidlegare, ved at vi har endra deltakinga i kyrkja? I dag har vi eit stort religionsmangfald i samfunnet, kan media vere med på å påverke ved kva trus-retning som får mest merksemd?

Utviklinga syner at det er mindre deltaking på dei ordinære gudstenestene, likeeins litt mindre oppslutnad om dåp og konfirmasjon, medan det er nesten ingen endring i gravferdspraksisen.



Foto: Bjørnar Otterstein

Gjennom coronatida har det vore nedgang på alle samlingar, ved at ein lyt halde avstand og ha restriksjonar på kor mange ein har lov å samlast. Det har vore avlysingar av tilstellingar, også i påska, som er den viktigaste høgtida i kyrkjeåret. Korleis vil dette verte etter at pandemien er over og kva ønskjer har vi for kyrkjelyden vår? Geir refererte til interessante resultat frå ei amerikansk spørjeundersøking.

Kanskje kunne ein fått dei same svara ved ei liknande undersøking i Noreg?

No livnar det i lundar.....

Soknerådet på Kyrkjebø og i Vadheim starta optimistisk med å invitere til vårleg dugnad på kyrkjegardane 14. april. Dårleg ver gjorde at alle plakatar fekk endra dato til 21. april. Men tru det eller ei – heller ikkje denne onsdagen vart det ”godt og tenleg ver”. Endeleg 28. april skein sola – og sjøl om nordavinden var kald, møtte det 14 på kyrkjegarden på Kyrkjebø og 15 i Vadheim.

Gode arbeidsfolk – karar og kvinnfolk – gjekk laus med hagesakser, spadar, river og hakker. Det vart sopt og raka og luka. Den eine sekken etter den andre vart fylt med det som skal kunne bli god kompost med tida. Soknerådet sytte for bil og hengar, og det vart rydda og ordna.



Dugnad er ikkje dugnad utan at det også vert plass for kvil, kaffi og noko å bite i – og ikkje minst ein prat om eitt og hitt. Dugnad er

arbeid, men også ein møtestad og ein stad for å treffe sambygdingar. Kjekt å arbeide saman – og effektiv jobbing av fleire i to timar gjorde stor skilnad. Soknerådet er glade for fram-møtet både i Vadheim og på Kyrkjebø. Og folk i bygdene våre kan vere takksame for innsatsen med å gjere kyrkjegardane velstelte.

Helga Hjetland – tekst og foto

1) Ønskjer meir samtale i kyrkja, ikkje berre einetale av presten.

2) Ønskjer at folk sin kritiske sans vert verdsett i kyrkja.

3) Ønskjer at ein skal vere meir oppteken av innhald og tru enn av bygningar og anlegg.

4) Ønskjer at ein ikkje så mykje skal følgje eit fast program, men ha meir tid til å tenkje og be.

5) Ønskjer at kyrkja skal vere ein plass der ein dyrkar omsorg og kjærleik.

6) Ønskjer kyrkja må vere meir oppteken av miljøutfordringar og fattigdom i verda.

7) Ønskjer kyrkja underviser meir om Jesu liv og lære.

Tekst: Wenche Liljedal

Min salme

Gjennom sommaren og hausten nyttar eg den same salmen til opning kvar veke i God Helg, mi helgehelsing på YouTube (www.worshippinginthenature.com), Det er Eivind Skeie og Sigvald Tveit si salme «Å denne kilde».

«Å denne kilde» (NOS 897)

*Å, denne kilde ren som paradiset,
den springer frem her like ved min fot.
Å, denne strøm fra dine dype kilder
gir meg tilbake helse, liv og mot.
Min kropp av feber,
mine sprukne lepper,
mitt savn, min klage,
min lengsel og min tørst.
Å, denne strøm fra dine dype brønner
gir meg tilbake helse, liv og mot.*

*Å, denne kilde ren som paradiset,
den springer frem her like ved min fot.
Å, denne strøm fra dine dype brønner
gir meg tilbake helse, liv og mot.
Du lar meg drikke.
Mine sprukne lepper,
min kropp av feber
blir lesket av din trøst.
Å, denne strøm fra nådens dype brønner,
du er min helse og mitt liv, mitt mot.*

*Du er min kilde, ren som paradiset
ser jeg deg nå med naglet hånd og fot!
Å, rike strøm fra dine dype brønner
gir meg tilbake helse, liv og mot.*



Biletet er frå ein stad i Sørebdalen der elva boblar opp frå undergrunnen. Ein kontinuerleg straum året rundt. I tusenvis av år har det vore slik. Reint, klårt og iskaldt vatn! Vegetasjonen rundt tørkar aldri opp. Dyr og folk kan heilt gratis sløkkje tørsten med den aller beste drikke.

«Å denne kilde ren som paradiset», - dette er høvelege ord. Ord som også minner om forteljinga i 1. Mosebok der ei kjelde bryt opp av jorda og gjev liv til Paradishagen der dei første menneska budde. «Å denne strøm fra dine dype brønner gir meg tilbake helse, liv og mot».

Då blir vi minna om Jesus og den samaritanske kvinna ved brønnen, og Jesus som seier: «Det vatnet eg vil gje, vert ei kjelde med vatn som vell fram og gjev evig liv». (Joh 4,14). Og til sist vert vi minna om elva med livsens vatn som renn ut frå Guds trone i himmelen (Op 22,1).


Frå gamalt av har mange framstående kristne (for eksempel middelalderkvinna Hildegard av Bingen) sett på naturen som ei avspegling av Guds rike. På same måte som fjella speglar seg i den stille fjorden, slik ser vi spegelbiletet av Guds rike i naturen.

Når eg ser den friske kjelda i Sørebdalen, så ser eg korleis Guds nåde i Jesus Kristus er ei utømeleg kjelde til liv. Til eit godt liv her på jorda og eit evig liv i himmelen Dette fekk Eivind Skeie og Sigvald Tveit fram på ein veldig fin måte då dei laga denne salmen som ein del av songsyklusen «Visst skal våren komme» som Kirkelig Kulturverksted gav ut på plate i 1984.

Geir Sørebo


Nytt frå kyrkjeverja

Fint stelte gravplassar i Høyanger!



Førdefirmaet Anleggsgartner Baarøy AS har i fleire sesongar hatt arbeidet med slått på gravplassane i Høyanger, og skal ha ros for fint utført arbeid! Det er kjekt å sjå. Dei har og arbeidd med planting på dei gravene vi har avtale for, og også dette er vakkert utført!

Gravstellavtale?



Dei som ikkje sjølve har høve til å plante og stelle sine graver, kan inngå gravstellavtale med Høyanger kyrkje-kontor. Det er Anleggsgartner Baarøy som utfører arbeidet. Slik gravstellavtale kostar kr. 1800 pr. år, som må betalast på forskot. Då får ein utsett løkplanter til påske, 3 sommarblomster, mosekrans til jul, samt tilsyn, rydding og vatning. Det vert dokumentert med digitalt foto til festaren sin e-post.

Alternativ til senkeapparat

Vi har no skaffa 3 sett senketau til bruk på grav-plassane i samband med gravferd. Det er Kjetil Torvund som har smidd krokane til to av setta, og Sigmund Folkestad har spleisa taua. Det er flott arbeid frå begge! Eit sett er lagra i Høyanger, eit i Lavik og eit på Høyanger sørside.



Digitale gravkart

På grunn av feilaktige eller mangelfulle gravkart på gravplassane i Ortnevik, Bjordal og Ikjefjord, har vi no tinga utarbeiding av digitale gravkart på desse stadane. Det vil vere ei god og framtidretta løysing. Særleg i Ikjefjord har det vore vanskeleg å finne rett stad til graver utan å måtte ha ein person på staden. Dette skal det bli orden på no, og då blir arbeidet med å tilvise graver mykje enklare. Det er også tale om å rette opp ein del på dei andre gravplassane, men der er problema mykje mindre, og det blir i neste budsjettår.

Minnegåve

Bjordal og Ortnevik sokneråd vil takke så mykje for minnegåve til Ortnevik kyrkje i samband med Magne Fitje si gravferd 9. april 2021.

I GLEDE OG SORG

DØYPTE

Kyrkjebø Kyrkje

Vårin Humlestøl

05.04.2021

Lavik Kyrkje

Victoria Karin Kvalvaag

28.02.2021

Olea Bosdal Søreide

04.04.2021

Tiril Pedersen Nybø

25.04.2021

Ortnevik Kyrkje

Mirell Knutssøn

01.04.2021

Nikolei Villanger Dyrdal

12.06.2021

Kristin Aakvik Thune

12.06.2021



DØDE

Høyanger

26.03.2021 Olav Moen

09.05.2021 Ole Gunnar Westerheim

21.05.2021 Ragnhild Christine Sørensen

Kyrkjebø

31.12.2020 Anne Grete Nordeide

19.05.2021 Odd Brekke

Lavik

20.03.2021 Ludvik Mikal Bruåsdal

12.04.2021 William Raymond Reiersen

Ortnevik

25.01.2021 Oddvar Leif Fitje

31.03.2021 Magne Fitje



Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.

Gudstenester

04. Juli – 6. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Lavik

Kl. 17.00 Vadheim

11. Juli – 7. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Høyanger

Kl. 16.00 Bjordal

25. Juli – 9. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Kyrkjebø

Kl. 18.00 Lavik

29. Juli - Olsok

Kl. 18.00 Sande Friluftsgudsteneste

01. August – 10. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Høyanger

Kl. 16.00 Ortnevik

08. August – 11. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Lavik

15. August – 12. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Kyrkjebø

22. August – 13. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Høyanger, konfirmantpresentasjon

Kl. 16.00 Bjordal, konfirmantpresentasjon

28. August – 14. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Høyanger, konfirmasjon

Kl. 13.00 Høyanger, konfirmasjon

29. August – vingardssøndagen

Kl. 11.00 Lavik, konfirmantpresentasjon

50 års jubilarar

Kl. 17.00 Vadheim, kaffigudsteneste

04. September – laurdag

Kl. 11.00 Kyrkjebø, konfirmasjon

Kl. 13.00 Vadheim, konfirmasjon

Kl. 18.00 Ikjefjord, konfirmasjon

05. September – 15. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Bjordal, konfirmasjon

Kl. 13.00 Ortnevik, konfirmasjon

08. September – onsdag

Kl. 19.00 Høyanger, gladgudsteneste

18. September – laurdag

12.00 Lavik, konfirmasjon

19. September – 17. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Kyrkjebø

Kl. 18.00 Høyanger

26. September – 18. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Lavik, hausttakkefest

03. Oktober – 19. søndag i treeiningstida

Kl. 12.00 Bjordal, Massnes hausttakkefest

Kl. 18.00 Høyanger

06. Oktober – onsdag. Kaffigudsteneste

Kl. 17.00 Vadheim

10. Oktober

Kl. 11.00 Lavik


17. Oktober

Kl. 18.00 Høyanger

27. Oktober

Kl. 11.00 Kyrkjebø

NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook, og på heimesida vår: www.hoyanger.kyrkja.no



INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger



Konfirmantar i Bjordal, Foto: Ole Merkesvik Ådland



Andreas Ester, Friluftsgudsteneste i Måren. Foto: Irene Aase Aarseth



Oddvar Hjetland og Sturla Bell Fossen, 2 mai. Foto: Irene Aase Aarseth



Dugnad på Kyrkjebø kyrkjegard. Foto: Irene Aase Aarseth



Forsangargruppe øver før gudstenesta 2 mai. Foto: Irene Aase Aarseth



Dugnad på Vadheim kyrkjegard. Foto: Kari Vik

VI YNSKER ALLE EIN RIKTIG GOD SOMMAR